

Tilbakemelding etter tilsyn fra fylkesmannen. Manger 16.03.15.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn av Nav Radøy kommune 19. og 20. november 2014. Tema for tilsynet var handsaming av søknad om økonomisk stønad til brukarar med forsyttaransvar, i medhald av lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Fylkesmannen fann i sitt tilsyn tre avvik. Desse er som følgjer:

- 1. Nav Radøy har ikkje utarbeidd og iverksett rutinar for å dokumentere kartleggingar, vurderingar og avgjerder i søknader om økonomisk stønad frå personar med forsyttaransvar for barn.**
- 2. Nav Radøy kommune har ikkje nødvendig oversikt over om og kva opplæring tilsette treng.**
- 3. Nav Radøy kommune si tilrettelegging og oppfølging av at søknader om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn blir forsvarleg handsama, er ikkje tilstrekkeleg.**

NAV Radøy er glad for at tilsynsinstituttet gjer at nokon utanfrå kan sjå på vår praksis med nye auge. Dette igjen gjer at vi kan ta læring innad i organisasjonen og korrigere vår praksis der det er behov for det.

Så til dei enkelte avvik:

Avvik 1:

Nav Radøy har ikkje utarbeidd og iversett rutinar for å dokumentere kartleggingar, vurderingar og avgjerder i søknader om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn.

Vi vil fyrst vektlegga at Fylkesmannen ikkje seier at vedtaka våre er feil. Det dei gjev oss avvik på er at våre vurderingar ikkje viser tilstrekkeleg i vår sakshandsaming. Dette fører til ei risiko for at søkarane ikkje får den stønaden dei har krav på.

I saker der det skal gjerast vedtak om økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga skal følgjande vera kartlagt i den enkelte sak:

« Økonomisk stønad

Bruker som ikke kan forsørge seg selv ved arbeid eller andre økonomiske rettigheter, skal sikres et forsvarlig livsopphold etter STL § 18. Alle reelle inntektsmuligheter skal være utnyttet før det oppstår rett til økonomisk stønad. Det skal gjøres en konkret individuell vurdering. Stønad utover dette kan innvilges etter STL § 19. Manglende inntektssikring eller trang økonomi kan være belastende og til hinder for å skaffe eller stå i arbeid/aktivitet. Økonomisk stønad kan innvilges med vilkår om aktivitet etter STL § 20. Har bruker forsørgjaransvar, skal barn og unges behov ivaretas.

1. Kartlegg brukers økonomiske situasjon på søknadstidspunktet. Er nåsituasjonen akutt i forhold til mat, fare for utkastelse, eller avstengning av strøm eller andre

livsnødvendigheter, skal saken prioriteres og behandles samme dag. En søknad om økonomisk stønad kan være både skriftlig og muntlig.

2. Innhent nødvendige opplysninger om brukers inntekter og utgifter.

Oppdaterte opplysninger om inntekter og utgifter må ses i sammenheng med brukers personlige forhold, som familiesituasjon, husstandens størrelse, bosted, bosituasjon, alder, livssituasjon og helse. Det skal foretas en helhetsvurdering av brukers totale livssituasjon ut fra prinsippet om hjelp til selvhjelp.

Sjekk om bruker har rettigheter som kan øke inntektene eller redusere utgiftene.

3. Har bruker barn? Det skal tas hensyn til barn og unges særskilte behov.

Hvert barns situasjon skal vurderes individuelt, i tillegg til familien som helhet.

4. Har bruker behov for økonomisk rådgivning, annen opplysning, råd og veiledning eller individuell plan?
5. Avklar om det skal gjennomføres behovsvurdering . Bruker som ønsker eller trenger bistand for å komme i arbeid, har rett til å få vurdert sitt bistandsbehov.
6. Dokumenter opplysninger fra samtalen i aktuelt saksbehandlingsverktøy»

Slik vi vurderer Fylkesmannens rapport er avviket gjeve fordi han ikkje kan sjå kva for dokumentasjon og vurderingar som ligg til grunn for våre vedtak, og dette gjer det at det er vanskeleg å etterprøva våre vedtak.

Vi har som nemnt ikkje fått noko tilbakemeldingar på at sjølve sakshandsaminga er feil, men at vår praksis kan føra til usikkerhet om søker får rett yting når ein ikkje kan sjå kva som blir vurdert i den einskilde sak.

Dette har vi prøvd å bøte på med følgjande tiltak:

- Vi har eit pågåande arbeid med å endre malar i sakshandsamingssystemet, der vi vil få obligatoriske felt for å dokumentere våre vurderingar. Dette arbeidet er venta å væra ferdig til forsumaren 2015.
- Vi har i påvente av malarbeidet også gjort endringar i våre vedtak. Vi gir ei grundigare grunngeving for kvifor vi har kome til det resultat som er gjeve, kva for individuelle forhold som er vektlagt og vi gjer det meir tydeleg kva for heimel som er brukt.
- Vi har lagt om rutinar på det vekentlege sakshandsmarmøte der alle søknader blir handsama. Tidlegare skreiv den enkelte sakshandsamar vurderingar på papir og brukte dette kun som ei støtte til seg sjølv seinare. Nå blir referat og vurderingar på dette møtet skrivne som notat på den enkelte brukar i relevant fagsystem. Dette gjer at våre vurderingar i overnemde punkt blir etterprøvbare.
- Vi gjer i større grad samtalenotat i våre møte med brukarar.

4. Nav Radøy kommune har ikkje nødvendig oversikt over om og kva opplæring tilsette treng.

Fylkesmannen kjem i sitt tilsyn til at NAV Radøy ikkje har ein opplæringsplan, samt at vi ikkje har oversikt over kva opplæring den enkelte sakshandsamer treng og at opplæring blir i liten grad prioritert.

Kva gjeld opplæringsplan har NAV Radøy utarbeidd en opplæringsplan etter tilsynet. Den er i hovudsak ein kodefisering av tidlegare praksis:

«Opplæring for nytilsette ved Nav Radøy

- **Alle nytilsette får tildelt ein fadder som har eit særleg ansvar for å gje opplæring i lov og regelverk innan det fagfelte ein er ansatt for.**
- **Fadder og nytilsatt skal lokalisert så nærmt som mogleg.**

| OPPLÆRINGSOMRÅDER | Opplæring gitt dato | Sign fadder | Sign tilsett |
|----------------------|---------------------|-------------|--------------|
| Organisasjonskart | | | |
| Rutiner | | | |
| GenerellDataverktøy | | | |
| Lover og reglar. | | | |
| Sakshandsaming | | | |
| Fagprogram: | | | |
| Acos sosial | | | |
| Arena | | | |
| Infotrygd | | | |
| Gosys | | | |
| Modia | | | |
| Introduksjonsprogram | | | |

Vedlegg:

- Taushetserklæring
- Lønsmelding
- HMT perm
- Rutineperm
- Nøkkel
- Brannrutiner»

Kva gjeld dei andre punkta er vi ikkje heilt einig med Fylkesmannen.

Lovas krav er at dei tilsette skal få nødvendig opplæring for å sikre at den enkelte tilsette har tilstrekkelig med kunnskap og kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver, slik at tenestene blir forsvarlige og i tråd med lovas føremål.

Dette meiner vi at vi legg til rette for ved NAV Radøy

Dei tilsette står fritt til å melde seg på relevante kompetansehevande tiltak/kurs både via Fylkesmannen og NAV på områder der de føler at de har behov for kompetansepåfyll. Leiar har også ved fleire høve pålagt tilsette å delta på slike kurs, der ein ser at tilsette har behov for denne kompetansen.

Det er regionale samarbeidsgrupper i Nordhordland både innan flyktningarbeid, malarbeid for sakshandsamarverktøy, veiledingskompetanse og gjeld.

Når det gjeld individuell rettleiing så har fylkesmannen rett i at vi ikkje har faste rutinar for dette.

Det vert likevel utført individuell rettleiing dagleg ved kontoret. Både mellom kollegaer og mellom leiar og sakshandsamar.

Avvik 3:

Nav Radøy kommune si tilrettelegging og oppfølging av at søknader om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn blir forsvarleg handsama, er ikkje tilstrekkeleg.

Mykje av det som blei påpeikt i dette avviket er handsama under punkt 1.

- Kva gjelder kartlegging, saksførebuing og eventuelle individuelle behov, visar vi til kva vi skreiv under punkt 1.
- Det som konkret er gjort i forhold til dette avviket er å heimla og begrunna vedtaka våre klarare.
- Stønad etter § 18 er ei lovfesta yting som ein skal ha for å syte for sitt livsopphold. Denne heimelen skal alltid vurderast først når ein søker om økonomisk hjelp frå NAV. Når vi no gjev stønad i særlege tilfelle etter § 19. Så gjer vi i vedtaks form først ei vurdering om vilkåra i § 18 er oppfylt. Finn vi at søkar ikkje oppfyller vilkåra etter § 18 så får søkar avslag, før vi i same vedtak gjer ei vurdering om søkar oppfyller vilkåra i § 19.

Med helsing

Svein Ove Skjoldal
Kontorsjef NAV Radøy